

---

---

**«Nye»**

***Møre og Romsdal Revisjon***

---

# Innhold

1.	Innleiing .....	1
2.	Oppsummering og tilråding.....	3
3.	Om selskapa .....	5
3.1	Oversyn over oppgåver .....	5
3.1.1	Rekneskapsrevisjon .....	5
3.1.2	Særattestasjon.....	5
3.1.3	Forvaltningsrevisjon.....	5
3.1.4	Selskapskontroll.....	5
3.1.5	Diverse andre oppgåver .....	6
3.2	Kundar/eigarar .....	7
3.2.1	Status .....	7
3.2.2	Kommunereform .....	7
3.3	Oversyn over tilsette.....	8
4.	Om utvikling av revisjon.....	9
4.1	Revisjonsfagleg og kommunal utvikling.....	9
4.2	Status for andre kommunerevisjonar.....	9
5.	Selskapsform .....	11
5.1	Aksjeselskap .....	11
5.2	Interkommunalt selskap .....	12
5.3	Samvirkemodellen .....	12
5.4	Kommunalt oppgåvefellesskap .....	13
5.5	Tilråding .....	13
6.	Forholdet til dei tilsette.....	15
6.1	Spesielt om arbeidsvilkår.....	15
6.2	Spesielt om pensjon .....	15
7.	Funksjonar, oppgåver mv. ....	17
7.1	Kontorpllassering/oppgåvefordeling.....	17
7.2	Hovudkontor.....	17
7.3	Eigardel/stemmerett/styrerepresentasjon .....	17
7.4	Rekneskapsføring/IKT.....	17

---

8. Prinsipp for kostnadsfordeling.....	18
9. Proses for etablering av nytt selskap .....	19
10. Forslag til vedtekter .....	20
Vedlegg .....	25
Kjelder .....	26

---

## 1. Innleiing

Det har over tid vore samtaler mellom revisjonsselskapa i Møre og Romsdal om moglege samanslåingar.

I representantskapsmøte for Komrev3 IKS 15.06.18 vart det gjort følgjande vedtak:

1. *Det blir sett ned følgjande arbeidsgruppe som saman med representantar frå tilsette skal arbeide vidare med strategiplan og utvikling av selskapet med mål om å etablere ei større og meir robust revisjonseining frå og med 01.01.2020:*
  - Jim-Arve Røssevold, ordførar Sula kommune
  - Harry Valderhaug, ordførar Giske kommune
  - Dag Olav Tennfjord, ordførar Skodje kommune
  - Johs Aspehaug, styreleiar
  - Kurt Løvoll, konst. dagleg leiar
2. *Arbeidsgruppa får mandat som forhandlingsutval ovanfor aktuelle samtalepartnarar.*
3. *Det skal sendast invitasjon til forhandlingar både til eigarar i Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS og til Møre og Romsdal Revisjon IKS jf. deira styrevedtak 01.06.2018:*  
«Styret stiller seg bak sonderinger knyttet til mulig sammenslåing og ber styrets leder og daglig leder å fortsette dialogen med KomRev3 og ev. etablere dialog med revisjonsenheten på Søre Sunnmøre.»
4. *Resultat av forhandlingar med framforhandla forslag til løysing skal leggjast fram i neste representantskapsmøte i november 2018.*
5. *Dersom det er naudsynt skal det kallast inn til ekstra representantskapsmøte.*

I tråd med vedtaket vart det sendt slike invitasjonar.

Det vart mottatt munnleg tilbakemelding frå Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS om at det ikkje er aktuelt å gå i forhandlingar no.

Møre og Romsdal Revisjon IKS hadde etter dette representantskapsmøte 07.09.18 der det vart fatta følgjande vedtak:

1. *Representantskapet ønsker at MRR skal gå i forhandlingar om mulig sammenslåing med KOMREV 3.*
2. *Representantskapet oppnevner forhandlingsutvalg bestående av:*
  - 3 Ordførere/varaordførere fra eierne i MRR, samt 3 vararepresentanter

- 
- *Styrets leder i MRR*
  - *Daglig leder i MRR*
  - *Ansattrepresentant fra MRR*
3. *Forhandlingsutvalget får forhandlingsfullmakt til å forhandle med forhandlingsutvalget i KOMREV 3.*
  4. *Resultatet fra forhandlingene fremmes i eiermøte i MRR.*

*Representanter:*

*Kjell Neergård med Ingunn Golmen som vara*

*Gunn Berit Gjerde med Jon Aasen som vara*

*Torgeir Dahl med Lilly Gunn Nyheim som vara*

Det var felles møte i forhandlingsutvala på Vestnes 02.10.18 der ein gjekk gjennom tidsplan og disposisjon av rapport.

Deretter har ei arbeidsgruppe med styreleiar, dagleg leiar og tilsettrepresentant frå begge selskapa hatt møte og utarbeidd eit forslag til rapport som vart handsama i nytt møte i forhandlingsutvala 07.11.18 i Kristiansund. I dette møtet vart forslaga diskutert, og det blei utarbeidd denne rapporten og ei tilråding som det var semje om.

---

## 2. Oppsummering og tilråding

Kommunal sektor blir stadig meir kompleks og spesialisert på mange område, og samstundes er det ei utvikling av revisjonsfaget som også krev stadig høgare kompetanse.

Det er som følgje av mellom anna dette ei klar og eintydig utvikling mot større og meir robuste einingar innan kommunal revisjon over heile landet. Årsaker til dette er m.a.:

- Sterkare fagmiljø med større moglegheiter for fagleg spesialisering
- Redusert sårbarheit/meir robust i høve vakansar, turnover og sjukdom
- Økonomiske stordriftsfordelar i høve administrasjon
- Større fleksibilitet i høve kommunesamanslåingar
- Attraktivitet som arbeidsgjevar

Komrev3 har 8 tilsette, og MRR har 18 tilsette. Det er vår vurdering at ei samanslåing vil gi grunnlag for å oppnå dei fordelane som er nemnde over.

Moglege selskapsformer har vore diskutert, og den reelle diskusjonen har vore val av IKS vs. Samvirkemodell. Vi rår til val av Samvirkemodellen. Det er fleire årsaker til det.

For det første er kommunestrukturen i endring, og etter vår vurdering er samvirkemodellen best eigna til å handtere slike endringar på ein smidig måte. Både inn- og utmeldingar kan gjerast utan at ny selskapsavtale må handsamast i alle kommunestyra. For det andre blir det avstandar i eit nytt selskap, og samvirkemodellen er betre eigna til å få gjennomført eigarmøter då det er mindre krav til deltaking for å kunne gjere vedtak enn ved eit IKS.

For å sikre politisk styring blir det foreslått at årsmøtet skal vedta følgjande (som det i utgangspunktet skulle ligge til styret å vedta): vedta budsjett, vedta økonomiplan og vedta strategiar.

Det blir foreslått at eit nytt samvirkeføretak skal ha sitt hovudkontor i Kristiansund, og det blir samstundes foreslått at det skal vere minimum 3 like store (likt tal på tilsette) kontor i byane Molde og Ålesund i tillegg til Kristiansund. Dette for å sikre nærleik til kommunane i heile revisjonsdistriktet.

For dei tilsette er dette å sjå på som verksemどoverdraging, og alle tilsette får tilbod om stilling i det nye føretaket med same løns- og arbeidsvilkår som dei har i dag.

Prinsipp for kostnadsfordeling mellom kommunane skal vere etter såkalla «medgått» tid. Det inneberer at det kvartalsvis skal gjerast opp ut frå dokumenterbart tal på timer som har gått med til reknesaksrevisjon, forvaltningsrevisjon, andre oppdrag eller rådgjeving for dei einskilde kommunane.

Overgang til nytt revisjonsselskap inneber inga endring knytt til revisjonsordning for kommunane. Det vil framleis være revisjon i eigenregi sjølv om den vil bli utført av

---

ein nytt selskap med ny eigarsamansetning.

Det er ein klar intensjon at samanslåinga ikkje skal føre til nye utgifter til innskott for eigarane. Eigenkapitalen til dei to selskapa skal dekkje behovet for eigenkapital i det nye selskapet. Likevel vil kommunane måtte forskottere eigenkapital innskott i det nye selskapet, før dei motar tilbakebetalinga frå dei eksisteranda selskapa.

I samband med etableringa av Møre og Romsdal Revisjon IKS blei pensjonsforpliktingar til tidligare tilsette og pensjonistar halde utanfor det nye selskapet for å unngå skeivdeling av kostnader mellom tidligare eigararar. Vi tilrår difor tilsvarande løysing ved denne samanslåinga. Den nye eininga vil difor berre ta med seg pensjonsforpliktingar til tilsette. Tidligare forpliktingar dekkes frå dei tidligare eigarane på same måte som om det ikkje hadde blitt ei samanslåing.

Forhandlingsutvalet som har bestått av politikarar, styreleiarar, tilsette og daglig leiing står bak tilrådingane. Vi trur at samanslåinga sikrar ei god revisjonsordning for kommunane framover og vil bidra til å trygge og styrke tilliten til kommunal sektor.

---

## **3. Om selskap**

### **3.1 Oversyn over oppgåver**

#### **3.1.1 Rekneskapsrevisjon**

Rekneskapsrevisjon er å kontrollere og stadfeste at rekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar, og at den er i samsvar med lover, forskrifter og god kommunal rekneskapsskikk. Revisjonen blir gjennomført i tråd med god kommunal revisjonsskikk.

Det blir og kontrollert at tal i årsrekneskap stemmer med endeleg budsjett og at det er gjort greie for eventuelle vesentlege avvik i årsmeldinga.

Det skal og vurderast om leiinga har sytt for tilstrekkelig registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar, og at det er etablert ein god økonomisk intern kontroll.

#### **3.1.2 Særattestasjon**

Kommunerevisjonen har ansvar for å stadfeste ulike prosjektrekneskap for statlege tilskot, til dømes spelemidlar.

I tillegg er det mange andre attestasjonsoppdrag, til dømes momskompensasjon, ressurskrevjande tenester og pasientrekneskap. Arbeidet med særattestasjonar tek mykje tid.

#### **3.1.3 Forvaltningsrevisjon**

Forvaltningsrevisjon er å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret eller fylkestinget sine vedtak og føresetnader.

Ein ser mellom anna på om ressursbruk og verkemiddel er effektive i høve til dei mål som er satt på området og om regelverk blir etterlevd.

Målet med forvaltningsrevisjonen er å etterprøve måten offentlege tiltak er sett i verk, og å sjå på kva slags verknader tiltaka har hatt.

Forvaltningsrevisjon skal bidra til ei betre og meir effektiv forvaltning.

#### **3.1.4 Selskapskontroll**

Selskapskontroll er ein gjennomgang av forvaltninga av eigarinteressene i selskap som er organisert som AS, interkommunale selskap (IKS) eller liknande.

---

Målet er å vurdere om dei som forvaltar kommunen sine eigarinteresser i selskapet, gjer dette i samsvar med kommunestyret eller fylkestinget sine vedtak og føresetnader (eigarskapskontroll).

Selskapskontrollen kan i tillegg til den obligatoriske eigarskapskontrollen, utvidast med ein meir omfattande forvaltningsrevisjon.

### **3.1.5 Diverse andre oppgåver**

#### **Rådgjeving**

Kommunerevisjonen arbeider nært med kommunane, og dette skaper arenaer og gode høve til å vere ein samtalepartnar innan ulike utfordringar og problemstillingar.

Selskapa har brei erfaring og fleirfagleg kompetanse innan kommunal forvaltning, og er medlem i nettverk med spesialkompetanse innanfor offentleg forvaltning.

#### **Internkontroll**

God styring og kontroll er avgjerande for tilliten til kommunal sektor. Revisor har høg kompetanse om internkontroll og har fokus på dette i både regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon. I tillegg tilbyr selskapa attestasjonar eller andre gjennomgangar av organisering og internkontroll på ulike områder i kommunane og fylkeskommunen som et ledd i risikovurderingshandlingar eller anna kartlegging.

#### **Finansforvaltning**

Det er krav om å utarbeide eit finansreglement med administrative rutinar for finansforvaltninga, minst ein gong i kommunestyret sin valperiode.

Dette reglementet og rutinane skal kvalitetssikrast av ein uavhengig instans før det blir vedteke av kommunestyret. Kommunerevisjonen har vore uavhengig instans for kommunane i revisjonsdistriktet.

#### **Misligheter**

Kommunerevisjonen skal bidra til å førebyggje og avdekke misligheter og feil.

Vi skal sende ei førebels innberetning til kontrollutvalet dersom vi avdekker misligheter. Når saksforholdet er nærmare klarlagt, skal vi sende ei endeleg innberetning med kopi til rådmannen.

#### **Kurs og seminar**

Revisjonsselskapa tilbyr årlege kurs til tilsette i økonomifunksjonen til kommunane, men også andre kurs og seminar til dømes innanfor offentlege anskaffingar eller andre særregelverk.

---

## **3.2 Kundar/eigarar**

### **3.2.1 Status**

Komrev3 IKS har 12 kommunar som eigarar:

- Giske, Haram, Midsund, Norddal, Sandøy, Skodje, Sula, Stordal, Sykkylven, Stranda, Ørskog og Ålesund

Dette er dei store kundane inkl. kommunale føretak i desse kommunane. I tillegg blir ÅRIM IKS, ein del kyrkjelege fellesråd og nokre stiftingar og liknande revidert.

Møre og Romsdal Revisjon IKS har 17 kommunar og 1 fylkeskommune som eigarar:

- Aukra, Aure, Averøy, Eide, Fræna, Gjemnes, Halsa, Kristiansund, Molde, Møre og Romsdal Fylke, Nesset, Rauma, Rindal, Smøla, Sunndal, Surnadal, Tingvoll og Vestnes.

I tillegg reviderer Møre og Romsdal IKS kommunale føretak, interkommunale selskap, kyrkjelege fellesråd, sokn og stiftingar heimehøyrande i desse kommunane.

### **3.2.2 Kommunereform**

Det er vedteke følgjande kommunestruktur blant eigarane til Komrev 3 frå 01.01.2020:

- Nye Ålesund kommune (Haram, Sandøy, Skodje, Ørskog og Ålesund)
- Fjord kommune (Stordal og Norddal)
- Giske kommune
- Sula kommune
- Sykkylven kommune
- Stranda kommune

(Midsund slår seg saman med Molde kommune)

Det vedteken følgjande kommunestruktur blant eigarane til Møre og Romsdal Revisjon frå 01.01.2020:

- Nye Molde kommune (Midsund, Nesset og Molde)
- Hustadvika kommune (Eide og Fræna)
- Rindal kommune (del av Trøndelag fylke frå 01.01.2019)
- Aukra kommune
- Aure kommune
- Averøy kommune
- Gjemnes kommune
- Heim kommune (Hemne, Halsa og deler av Snillfjord kommune)
- Kristiansund kommune
- Møre og Romsdal Fylkeskommune

- 
- Rauma kommune
  - Smøla kommune
  - Sunndal kommune
  - Surnadal kommune
  - Tingvoll kommune
  - Vestnes kommune

Det vil og bli samanslåingar av kyrkjelege fellesråd som skal følgje nye kommunegrenser.

### **3.3 Oversyn over tilsette**

Komrev3 IKS har for tida 8 tilsette (7,8 årsverk). 1 konstituert dagleg leiar (forvaltningsrevisor), 2 oppdragsansvarlege rekneskapsrevisorar, 4 rekneskapsrevisorar og 1 oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor. Dei 2 oppdragsansvarlege rekneskapsrevisorane legg opp til å gå av med pensjon i løpet av 2020.

Møre og Romsdal Revisjon IKS har for tida 18 tilsette. 1 dagleg leiar (oppdragsansvarleg revisor), 3 oppdragsansvarlege rekneskapsrevisorar, 8 rekneskapsrevisorar, 2 oppdragsansvarlege forvaltningsrevisorar og 4 forvaltningsrevisorar der 1 er tilsett i eit vikariat.

---

## 4. Om utvikling av revisjon

### 4.1 Revisjonsfagleg og kommunal utvikling

Kommunane har blitt meir og meir komplekse og spesialiserte. Det er viktig at kommunerevisjonen sikrar seg kompetanse på den utviklinga som både skjer i kommunane og innan revisjonsfaget.

Innan revisjonsfaget er det og no ei rivande utvikling innan digitalisering der det er viktig å kunne bruke nye verktøy på ein effektiv måte, noko som igjen kan frigjere ressursar. Det er grunn til å tru at dette vil ha store konsekvensar for finansiell revisjon, men det vil også kunne gi nye moglegheiter innanfor forvaltningsrevisjon. Det er vidare grunn til å tru at jobben som revisor kan få mindre vekt på rutinearbeid og meir vekt på å levere analyser og innsikt.

Det er ei klar utvikling mot større einingar innan kommunal revisjon (sjå neste avsnitt). Det blir nemnt fleire årsaker til dette:

- Sterkare fagmiljø med større moglegheiter for fagleg spesialisering
- Redusert sårbarheit/meir robust i høve vakansar, turnover og sjukdom
- Økonomiske stordriftsfordelar i høve administrasjon
- Større fleksibilitet i høve kommunesamanslåingar
- Attraktivitet som arbeidsgjevar

Revisor sin kompetanse og kor robust revisjonsselskapet er, blir gjerne sett på ved vurdering av uavhengigkeit. Oppdragsansvar for rekneskapsrevisjon for ei kommune bør mellom anna med jamne mellomrom rullerast. Det er lettare å få til i eit større selskap.

Undersøkingar i andre revisjondistrikt har vist at det var ei forventing til at erfaringssdeling og kunnskapsoverføring mellom kommunane ville auke ved ein større revisjon, noko som også er naturleg når revisjonen har fleire kommunar å hente informasjon frå.

Medarbeidarar i revisjonen vil som nemnt også i større grad kunne spesialisere seg på ulike område, og opparbeide ekspertise på fleire områder enn i dag. Dette vil komme kommunane til nytte. Det er grunn til å tru at det også er forventingar til auka effektivitet/reduksjon i kostnader, større grad av kunnskapsutveksling mellom kommunane og økt fokus på å førebyggje feil.

### 4.2 Status for andre kommunerevisjonar

I nabofylket Sogn og Fjordane er alle dei 3 kommunerevisjonane i ferd med å slå seg saman til ei eining. Dei ser ut til å velje å organisere seg i såkalla kommunalt oppgåvafellesskap. Dette er ein ny modell som føljer av ny kommunelov og skal erstatte dei tidlegare § 27-samarbeida. 2 av dei 3 einingane i Sogn og Fjordane er slike samarbeid no, og det er nok hovudårsak til val av modell slik vi forstår det.

---

I det andre nabofylket Trøndelag er det allereie gjennomført samanslåing der fylkeskommune og nesten alle kommunane er med (ikkje Trondheim som har eigen kommunerevisjon). Dei har valt ein Samvirke-modell, og nytt selskap heiter Revisjon Midt-Norge SA. Nokre av kommunane i Nordland er også med her.

Fosen Revisjon IKS med 6 kommunar stod i utgangspunktet utanfor, men er no i ferd med å gå inn i Revisjon Midt-Norge SA slik vi forstår det.

I samband med regionreforma er det og mykje som skjer. Innlandet Revisjon IKS med ei rekke kommunar og Oppland fylkeskommune som eigalar/kundar, og Hedmark Revisjon IKS er nå i samtaler om samanslåing av selskapa.

Også i nye Viken vil det vere utvikling. Buskerud kommunerevisjon IKS er revisor for Buskerud fylkeskommune og kommunane i Buskerud, medan Akershus og Østfold har felles fylkesrevisjon. Det er vidare mellom anna samtaler mellom kommunerevisjonar i Follo og Østfold.

KomRev Nord er allereie eit stort selskap med 37 eigarkommunar i Troms, Nordland og Finnmark i tillegg til Troms fylkeskommune.

Det er fleire endringar på gang, og biletet er heilt eintydig på at det går mot større einingar. Fleire selskap som allereie har slått seg saman, går no mot vidare samanslåingar.

---

## 5. Selskapsform

I NOU om ny kommunelov gjekk det fram at kommunale revisjonar i all hovudsak er organisert som Interkommunale selskap (28 stk), men det er og nokre få som er/har vore organisert som samarbeid etter kommunelova §27.

Etter dette har Trøndelag organisert seg etter den såkalla samvirkemodellen i Revisjon Midt-Norge SA.

Som tidlegare nemnt opnar ny kommunelov for ei ny organisasjonsform, såkalla oppgåvefellesskap.

Det kan i utgangspunktet vere aktuelt å vurdere 4 ulike selskapsformer: IKS, AS, Samvirkemodellen og kommunalt oppgåvefellesskap (ny modell).

### 5.1 Aksjeselskap

Vert regulert av lov om aksjeselskap og lov om allmennaksjeselskap. Eigarskapet er i form av aksjar. I utgangspunktet kan alle vere medeigarar dersom ikkje anna er bestemt i vedtekten.

Eigarane har ikkje ansvar for selskapet sin forpliktingar. I utgangspunktet er eigarane berre ansvarleg for, og kan tape, aksjekapitalen. Aksjeselskap kan gå konkurs.

Generalforsamlinga kan fatte vedtak med alminneleg fleirtal av dei frammøtte stemmene. Lova gir ingen nedre grense på kor stor del av aksjane som må vere representert for at organet skal vere vedtaksfør føresett at innkalling er lovleg eller godkjent. Aksjonærar kan gje fullmakter til å møte og stemme for seg.

Det er styret som vedtar budsjett.

Med tilpassingar i vedtekten er det grunn til å tru at aksjeselskap kan oppfylle krav om eigenregi<sup>1</sup>:

- Oppdragsgjevar må ha kontroll over selskapet som svarar til den kontrollen ein har over eiga verksemد
- Selskapet må utføre meir enn 80% av sin aktivitet for oppdragsgjevar eller andre retts-subjekt som oppdragsgjevar kontrollerer
- Det kan ikkje vere privat deltaking i selskapet

Selskapsforma blir gjerne vurdert å vere tenleg dersom ein ønsker å ha ulike grupper av eigarar eller legge til rette for at fleire, både fysiske og juridiske personar, kan vere eigarar.

---

<sup>1</sup> Unntak for utvida eigenregi jf. praksis i EU. Frå og med 01.01.2017 også i forskrift om offentlige anskaffelser §§ 3-1 og 3-2.

---

Aksjeselskap er en selskapsform som er lovregulert i høve til at selskapet driv verksemda si i ein marknad. Innretninga av selskapsforma byggjer på den risiko som slik konkurranseeksponert verksemde inneberer.

Det er ikkje nokon annan kommunerevisjon som er danna som aksjeselskap.

## 5.2 Interkommunalt selskap

IKS er regulert i Lov om interkommunale selskap. Eigarane blir omtala som deltagarar. Det er berre kommunar, fylkeskommunar eller andre IKS som kan vere deltagarar i eit IKS. Dersom eit nytt medlem skal inn eit IKS må det vere eit positivt og likt vedtak om dette i kommunestyra til alle eigarkommunane.

Dersom ein skal tre ut av selskapet, skjer det normalt med eitt års skriftleg varsel, med mindre anna er avtalt i selskapsavtalen. Dette medfører og ny handsaming i alle kommunestyra.

Det er ikkje krav om å skyte inn eigenkapital i eit IKS.

Representantskapet kan fatte vedtak når minimum halvparten av medlemane er til stades, og desse representerer minst 2/3 av stemmene. Ein kan ikkje gje fullmakter til andre som møter for seg, og det er difor vanleg med personlege vararepresentantar til IKS.

Den enkelte deltagar har økonomisk ansvar i samsvar med prosent- eller brøkdel av eigarskap. Interkommunale selskap kan ikkje gå konkurs.

IKS er i sin form tilpassa offentleg sektor med reglar for å ivareta omsyn til tett, offentleg eigarstyring. Det er deltagarane som i representantskapet vedtar budsjett, og endringar i selskapsavtale må som nemnt handsamast i alle kommunestyre.

Dei fleste kommunerevisjonar er i dag organisert som IKS, og det ser ut til at fusjonar som blir gjennomført i all hovudsak endar i nye IKS.

## 5.3 Samvirkemodellen

Samvirkeføretak blir oppretta etter Lov om samvirkeforetak (samvirkelova). Eigarane blir omtala som medlemer, og føretaksforma er kjenneteikna ved at medlemskap er fleksibelt.

I eit slik føretak skjer innmelding ved ein søknad til og handsaming av styret. Utmelding er skriftleg. Revisjon Midt-Norge SA er einaste kjente revisjonsselskap som no er danna etter denne modellen. KS var med og kvalitetssikra danningsa av dette føretaket. Revisjon Midt-Norge SA har ein utmeldingsfrist på 12 månader.

Det er med andre ord slik at medlemar kan melde seg inn og ut utan at det må handsamast ny selskapsavtale i alle kommunestyra. Dette er ei aktuell problemstilling med kommunereform og ein kommunestruktur som sannsynlegvis

---

fortsett vil vere i endring framover, og dette er med andre ord ein modell som ser ut til å gi ein høgare grad av fleksibilitet på eigarsida.

Reglane om handsaming i eigarorgan er tilsvarande som for AS med mindre krav til deltaking på møter i eigarorgan enn IKS-modellen for å kunne gjere vedtak. I Trøndelag vart dette lagt vekt på ved val av modell då selskapet er eigm av mange kommunar med store geografiske avstandar som medlemar, og at det kunne vere vanskeleg å samle tilstrekkeleg i til dømes representantskapsmøter.

Jf. § 54 i samvirkelova krev ei vedtektsendring i eit samvirkeføretak i utgangspunktet to tredjedelar av dei røystene som er gitt. Eit medlem har som utgangspunkt høve til å gje fullmakt til ein annan til å møte og stemme på sine vegne i årsmøtet, dersom ikkje anna er fastsett i vedtekten (jf. § 36).

Medlemane i eit samvirkeføretak pliktar eventuelt til å betale inn innskotsbeløp i føretaket, og vil som i AS vere ansvarlege for dette beløpet. Føretaket kan gå konkurs.

## 5.4 Kommunalt oppgåvefellesskap

I ny kommunelov går det fram at eit kommunalt oppgåvefellesskap skal organiserast med eit representantskap der alle deltagarane i oppgåvefellesskapet skal vere representert.

Dette er ein organisasjonsmodell ein ser for seg skal erstatte dei såkalla § 27-samarbeida i kommunane.

Samarbeidsforma er etter vår vurdering i hovudsak mest aktuelt på mindre samarbeid der kommunane ser på dei andre organisasjonsformene for interkommunalt samarbeid som å vere mindre hensiktsmessige. I kommentarane til § 19-1 står det eksempel på aktuelle oppgåver kan vere kontrollutvalsssekretariat, kommuneadvokat og liknande, men at det og kan vere større og meir omfattande samarbeid.

Deltakarkommunane må ved etablering av kommunalt oppgåvefellesskap ta stilling til om samarbeidet er eit eige rettssubjekt, og deltagarane heftar uavgrensa for sin del av fellesskapet sine samla forpliktingar. Ved opprettning av fellesskapet skal bli inngått samarbeidsavtale som minst regulerer forhold som går fram av § 19-4 fjerde ledd.

Ved eventuelt val av denne modellen vil det etter vår vurdering berre vere aktuelt med organisering som eige rettssubjekt for å sikre sjølvstende og uavhengigheit.

## 5.5 Tiltråding

Etter vår vurdering står det reelle valet mellom danning av IKS og Samvirkeføretak. Dess høgare tal på kommunar og stort geografisk område, dess meir aktuelt kan det

---

vere med eit samvirkeføretak då det er lettare å samle og gjennomføre møter i eigarorgan i eit samvirkeføretak enn i eit IKS.

Ved eit samvirkeføretak er det og enklare for kommunar å melde seg inn og ut utan at ny selskapsavtale må opp til ny handsaming i alle kommunestyre slik det må i eit IKS, og som nemnt er dette noko som er særleg aktuelt no i ein situasjon der kommunestrukturen kan vere i endring. Dette gir ein høgare grad av fleksibilitet på eigarsida.

Vi vurderer det difor slik at modellen med samvirkeføretak slik den er valt i Midt-Norge kan passe godt i vårt fylke, og rår til ein slik modell. Forslaget til vedtekter som ligg ved er i stor grad bygd på vedtektena som er vedtekne for Revisjon Midt-Norge SA.

I vedtektena er det lagt inn forslag om at årsmøtet skal ha 3 oppgåver som etter lova skulle liggje til styret:

- Vedta budsjett for komande år etter forslag frå styret
- Vedta økonomiplan for dei 4 neste åra etter forslag frå styret
- Vedta overordna mål og retningsliner for drifta

I tillegg blir det presisert at det er årsmøtet som skal velje valkomité. Årsak til desse endringane er at dette styrkar kommunane sin kontroll med selskapet, og kontrollaspektet er viktig også i høve til at dette skal vere kjøp at tenester i eigenregi.

Det blir og sett grense på 20% på sal av tenester til andre (føretaket kan uansett ikkje utføre revisjon for aksjeselskap etter dagens reglar). Denne grensa er og viktig i høve krav knytt til at dette skal vere eigenregi (jf. Forskrift om off.anskaffelser).

Det blir foreslått innskot i det nye selskapet på om lag same nivå som innskota som i dag er i MRR. Eigenkapitalen i dei to selskapa vil bli tilbakeført til eigarane i tråd med gjeldande reglar, og dette vil vere tilstrekkeleg til å dekkje dei innskota som er føreslått for det nye føretaket.

---

## **6. Forholdet til dei tilsette**

Ved ei eventuell etablering av nytt føretak blir det lagt til grunn at kapittel 16 i Lov om arbeidsmiljø vert gjeldande. Dette gir alle tilsette tilbod om stilling i den nye eininga med same løns- og arbeidsvilkår som dei har i dag. Eventuelle naudsynte harmoniseringar av til dømes lønsvilkår må skje gjennom prosessar mellom arbeidstakrar og arbeidsgjevar i nytt selskap. Eksisterande pensjonsordningar blir vidareført.

Etableringa av nytt føretak vil så langt forhandlingsutvala kan sjå, ikkje påverke forholdet til dei tilsette på negativ måte.

Det nye selskapet vert å melde inn i arbeidsgjevarorganisasjonen KS Bedrift (begge selskapa er medlemmar i dag).

Utkast til uttale som er motteke frå arbeidstakarorganisasjonane ligg ved.

### **6.1 Spesielt om arbeidsvilkår**

Dersom det er arbeidsvilkår som lett let seg harmonisere på førehand, bør dette så langt som mulig gjerast i løpet av 2019. Dette kan til dømes vere permisjonsreglement, gåvereglement, arbeidstidsregistrering med vidare.

### **6.2 Spesielt om pensjon**

Ved stiftinga av MRR vart forpliktingane i KLP for tidlegare tilsette overført til kommunane og fylkeskommunen. Det betyr at det for dette selskapet er berre ein person som har slutta etter dette, som det er knytt forpliktingar til.

I Komrev3 ligg derimot desse forpliktingane for tidlegare tilsette i selskapet.

Det er difor eigentleg 2 alternativ. Anten blir forpliktingane for Komrev3 fordelt på eigarkommunane i Komrev3 sitt distrikt etter ein brøk på kor mykje som blir betalt for revisjon, og slik at dette blir ein del av rekningane frå KLP til kommunane. På den måten vil ikkje forpliktingane for tidlegare tilsette gå inn i nytt selskap.

Det andre alternativet er at pensjonsforpliktingane som vart overført til kommunane i MRR sitt distrikt blir tilbakeført, og at alle forpliktingane blir med inn i eit nytt selskap. (Ved stiftinga av Revisjon Midt-Norge SA vart alle forpliktingane med inn i nytt selskap).

Det er mogleg at ei løysing med å ta med forpliktingane inn i nytt selskap kan gjere det noko enklare/meir rettferdig dersom andre kommunar i etterkant vel å gå inn i selskapet/føretaket. Dersom alle har med sine forpliktingar vil det kunne slå ut nokolunde likt totalt sett.

På den andre sida vil det kunne argumenterast for at det er enklare for føretaket å vere samanliknbar ved eventuell konkurranse dersom ein ikkje tek med dei

---

forpliktingane som ligg i selskapa ved danning av nytt selskap.

Dersom det blir valt ein samvirkeføretaksmodell, er det slik at eit slikt føretak kan gå konkurs. I høve til pensjon er det uansett slik at rettar knytt til framtidige pensjonar og G-reguleringar er sikra i den såkalla Sikringsordninga dersom ein slik situasjon skulle oppstå.

I dialog med KLP går det fram at alternativet med å fordela forpliktingane på eigarkommunane ser ut til å vere ei praktisk, enkel løysing som dei kan gjere. Dette er uansett forpliktingar som kommunane har, så hovudpoenget vil her vere å finne den løysinga som er enklast og mest økonomisk gunstig for våre eigarar.

Vår vurdering er at det er mest ryddig å følgje opplegget som vart gjort ved danninga av MRR slik at forpliktingane blir fordelt på kommunane. For MRR vil ikkje dette utgjere særleg då det vart gjort sist ved danninga av selskapet. For Komrev3 er forpliktinga på tidlegare tilsette og pensjonistar høgare, men dette vil ikkje utgjere store summar årleg for kommunane.

---

## **7. Funksjonar, oppgåver mv.**

Organiseringa av det nye selskapet vil vere styret sitt ansvar. Styret må utarbeide ein strategiplan for framtida basert på intensjonane i denne rapporten og vedtekten for føretaket. Strategiplanen skal etter vedtekten handsamast i årsmøtet.

### **7.1 Kontorpllassering/oppgåvefordeling**

Det er ein klar intensjon at selskapet skal vere lokalt forankra og med 3 kontor som skal ha lik storleik på bemanninga slik at ein sikrar nærleik til kundar/eigarar, og med kontor som har ein akseptabel storleik mtp. kompetanse. Dette blir og foreslått lagt inn i vedtekten.

Det er vidare ein føresetnad at det skal vere forvaltningsrevisorar og rekneskapsrevisorar ved alle kontora. Omfang av dette tek ein ikkje stilling til her, men det er etter kvart ikkje unaturleg å forvente at talet på forvaltningsrevisorar skal aukast i høve talet til rekneskapsrevisorar. Dette er noko som vil vere naturleg å kome attende til ved utarbeiding av strategiplan for føretaket.

### **7.2 Hovudkontor**

Hovudkontoret for MRR er i dag i Kristiansund, medan hovudkontoret for Komrev3 er i Ålesund. MRR har i tillegg kontor i Molde og eit lite kontor i Surnadal. Per i dag er kontora i dei tre byane jamstore.

Det blir her lagt inn forslag om at hovudkontor for det nye selskapet blir lagt til Kristiansund.

### **7.3 Eigardel/stemmerett/styrerepresentasjon**

Det blir foreslått styre med 4 eigarrepresentantar og 1 tilsettrepresentant.

Det skal innarbeidast ei geografisk rullering av eigarmøte/styremøter slik at dette går på omgang mellom Nordmøre, Romsdal og Sunnmøre.

### **7.4 Rekneskapsføring/IKT**

Kristiansund kommune fører rekneskap for MRR, medan Ålesund kommune fører rekneskap for Komrev3.

Ein legg opp til at val av leverandør av denne type tenester skal gjerast etter forretningsmessige vurderingar.

---

## 8. Prinsipp for kostnadsfordeling

Ein kan sjå for seg fleire alternativ for fordeling av utgiftene til revisjon mellom kommunane:

- Fast grunnbeløp i tillegg til fordeling etter innbyggjartal
- Utgiftsfordeling etter innbyggjartal
- Utgiftsfordeling etter brukt («medgått») tid
- Kombinasjonar av dei tre modellane over

Dersom berre innbyggjartal blir lagt til grunn vil det kunne gi ein for høg utgift for kommunar med mange innbyggjarar. Storleiken på ei kommune vil likevel bety ein del for spesielt rekneskapsrevisjon. I kva grad ein har god internkontroll vil bety noko for revisjonen sin ressursbruk, og kva tingningar som kjem frå kontrollutval og kommunestyre vil og bety ein del.

Komrev3 får sitt budsjett bestemt av representantskapet, og der fordeling mellom eigarkommunane går fram. Det har ikkje vore praksis for å fakturere ekstra til kommunar der ein har brukt meir tid, noko som har variert frå år til år.

Ein meir vanleg modell no er fakturering etter såkalla «medgått» tid. Dette blir gjennomført fullt ut i Møre og Romsdal Revisjon IKS frå 01.01.2019.

Det inneberer at ein del oppgåver framleis vil vere like mellom kommunane, og det vil i praksis bli fakturert likt på det. Så vil det vere ein del faktorar som i tillegg gjer at revisjonshonoraret vil variere mellom kommunar:

- Kompleksitet og omfang i rekneskapa
- Kvalitet i rekneskapsføringa
- Kvalitet på internkontrollen
- Etterspurnad etter forvaltningsrevisjonar og granskningar
- Etterspurnad etter andre tenester som ikkje er i strid med uavhengigheita

Det blir derfor foreslått at kostnadsfordelinga i nytt føretak skal vere etter prinsippet om «medgått tid».

Reisetid bør etter vår vurdering ikkje vere ein del av «medgått» tid då dette vil gi kommunar som ikkje har revisjonskontor liggande i si kommune større utgifter enn kommunar med revisjonskontor. Eit slikt prinsipp om å fordele desse kostnadane er også gjeldande i MRR i dag, og etter overgangen 01.01.2019.

---

## **9. Prosess for etablering av nytt selskap**

Det blir lagt no lagt opp til styrehandsaming av tilrådingane i denne rapporten, og at styra gir ei innstilling til sine representantskap.

Framlegget vil kunne vere:

1. \_\_\_\_ kommune sluttar seg til samvirkeføretaket med namn Møre og Romsdal Revisjon SA.
2. \_\_\_\_ kommune godkjenner utkastet til vedtekter.
3. Som representant til årsmøtet i Møre og Romsdal Revisjon SA blir \_\_\_\_ valt.  
Følgjande vararepresentantar blir valde i rekkefølge:

1. \_\_\_\_
2. \_\_\_\_
3. \_\_\_\_
4. \_\_\_\_
4. \_\_\_\_ kommune vedtek at Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal IKS (eller Møre og Romsdal Revisjon IKS) blir oppløyst, og eigenkapital blir tilbakeført eigarane i tråd med gjeldande reglar.
5. \_\_\_\_ kommune godkjenner at kontorutstyr og liknande i Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal IKS (eller Møre og Romsdal Revisjon IKS) blir overført til Møre og Romsdal Revisjon SA. Tilsette i Komrev3 IKS (eller Møre og Romsdal Revisjon IKS) får tilbod om stilling i Møre og Romsdal Revisjon SA i tråd kapittel 16 i Lov om arbeidsmiljø.
6. \_\_\_\_ kommune godkjenner at pensjonsforpliktingar på tidlegare tilsette i Komrev3 IKS (eller Møre og Romsdal Revisjon IKS) vert fordelt på eigarkommunane.

Deretter må innstilling frå representantskap bli sendt til kommunane og fellesnemndene. Det blir då eigne saker i kommunar/fellesnemnder om etablering av nytt føretak.

Deretter blir det gjennomført stiftingsmøte, og det blir oppnemnt avviklingsstyrer for dei selskapa som skal løysast opp.

Styret i det nye føretaket vil så tilsetje ny dagleg leiar.

Det nye føretaket som no er etablert må deretter veljast som revisor i kommunestyrer/fellesnemnder etter innstilling frå kontrollutvala.

Målsetjing er at nytt føretak skal vere i aktivitet 01.01.2020.

---

## **10. Forslag til vedtekter**

### **§ 1 Sammenslutningsform og foretaksnavn**

Sammenslutningen er et samvirkeforetak med foretaksnavn Møre og Romsdal Revisjon SA.

Medlemmene hefter ikke overfor kreditorene for foretakets forpliktelser.

### **§ 2 Forretningssted**

Forretningskontoret er i Kristiansund kommune. Det skal minimum være kontor i Kristiansund, Molde og Ålesund, med innbyrdes tilnærmet likt antall ansatte over tid.

### **§ 3 Virksomhet**

Foretaket skal drive revisjon av de kommuner og fylkeskommuner som har medlemskap i foretaket, i tråd med den til enhver tid gjeldende kommunelov. Foretaket skal fremme medlemmenes økonomiske interesser gjennom deres deltagelse i virksomheten. Foretaket forplikter seg til å dekke medlemmenes behov for revisjonstjenester, og medlemmene forplikter seg til å kjøpe hoveddelen av sine revisjonstjenester fra samvirkeforetaket.

Foretaket kan selge tjenester til andre rettssubjekter som eies helt eller delvis av et eller flere av medlemmene, eller til andre, så lenge den totale andelen av denne omsetningen ikke overstiger 20 % av foretakets totale omsetning.

Foretaket kan inngå på eiersiden i andre foretak eller selskap der dette er hensiktsmessig for oppfyllelsen av foretakets hovedformål.

Medlemskap er ikke åpent for andre enn kommuner og fylkeskommuner beliggende i Møre og Romsdal og nærliggende områder.

Foretaket skal være medlem i KS Bedrift. Foretakets ansatte skal ha offentlig tjenestepensjon i KLP.

Medlemmenes kontrollutvalg og valgte revisor har rett til å kreve de opplysninger som finnes påkrevd for deres kontroll, fra selskapets daglige leder, styre og foretakets valgte revisor.

### **§ 4 Andelsinnskudd**

Hvert medlem skal betale andelsinnskudd etter følgende fordeling, basert på innbyggertall:

---

Folketall	Innskudd
Under 3000	63.000
3000-4999	84.000
5000-9999	105.000
10000-19999	180.000
20000-39999	336.000
Over 40000	500.000
Fylkeskommune	700.000

Årsoverskudd skal ikke benyttes til å bygge opp kapitalkonti for enkeltmedlemmer. Utøver dette gjelder bestemmelsene i vedtektenes punkt 5 om anvendelse av årsoverskudd.

Medlemmene skal ikke betale medlemskontingent.

### **§ 5 Anvendelse av årsoverskudd**

Overskudd skal som hovedregel forbli i virksomheten og komme medlemmene til gode gjennom gode og effektive revisjonstjenester.

Beslutning om anvendelse av årsoverskuddet treffes av årsmøtet etter forslag fra styret. Det kan ikke besluttet anvendt et høyere beløp enn det styret foreslår eller godtar, men årsmøtet kan selv bestemme anvendelsen innenfor følgende rammer:

1. Godskriving av foretakets egenkapital
2. Etterbetaling til medlemmene basert på omsetning, jf. samvirkeloven § 27

### **§ 6 Årsmøtet**

Årsmøtet velger fast møteleder med vara på det første møtet etter kommunevalg.

På det ordinære årsmøtet skal følgende saker behandles og avgjøres:

1. Godkjenning av årsregnskapet og årsberetningen, herunder disponering av årsoverskudd.
2. Budsjett for kommende år etter forslag fra styret.
3. Økonomiplan for de fire neste budsjettår etter forslag fra styret.
4. Overordnede mål og retningslinjer for driften.
5. Valg til valgkomite og styre etter vedtektenes § 8
6. Valg av revisor
7. Andre saker som etter loven eller vedtektenes hører under årsmøtet.

---

## § 7 Stemmerett på årsmøtet

Medlemmenes stemmerett på årsmøtet er basert på fjorårets omsetning med foretaket etter denne modellen:

Fjorårets omsetning	Antall stemmer
Under 0,5 mill. kroner	1
0,5 – 1 mill. kroner	2
1 – 2 mill. kroner	4
2 – 3 mill. kroner	6
3- 5 mill. kroner	8
Mer enn 5 mill. kroner	12

## § 8 Styre, valgkomite og daglig leder

Foretaket skal ha et styre med 4 medlemmer med numeriske varamedlemmer som velges av årsmøtet, og 1 medlem med varamedlem som velges av og blant de ansatte. Styreleder og nestleder velges av årsmøtet.

Styret skal sammensettes ut fra selskapets behov for kompetanse, kapasitet og uavhengighet. Av styremedlemmene som velges av årsmøtet, skal det være to av hvert kjønn. Styresammensetningen skal så langt som mulig gjenspeile medlemskommunenes geografi.

Foretaket skal ha en valgkomite, med 3 medlemmer. Disse 3 medlemmene skal velges slik at de representerer hvert sitt distrikt – Sunnmøre, Romsdal og Nordmøre. Valgkomiteen avgir en begrunnet innstilling til valg av medlemmer til styret. Årsmøtet skal fastsette retningslinjer for komiteens arbeid. Valgkomiteen innstiller også på valg av møteleder med vara til årsmøtet, jf. § 6.

Årsmøtet skal fastsette en styreinstruks. Styret har myndighet til å inngå tjenesteavtaler med det enkelte medlem som tjenestemottaker. Slik myndighet kan delegeres til daglig leder. Dersom denne myndigheten delegeres, skal styret fastsette prinsipper for avtalenes innhold som sikrer behandling av medlemmene i tråd med samvirkelovens likhetsprinsipp, dog slik at forskjellsbehandling er tillatt dersom dette er saklig begrunnet i tråd med samvirkeloven.

Foretaket skal ha en daglig leder som tilsettes av styret.

---

## **§ 9 Uttreden**

Uttreden kan foretas med ett års varsel. Utmelding skal skje skriftlig.

Ved utmelding har medlemmet krav på å få tilbakebetalt sitt andelsinnskudd.

Innskuddet utbetales på uttredelsestidspunktet. Medlemmene har ikke krav på å få utbetaalt renter på andelsinnskudd.

Ved uttreden skal det foretas en beregning av pensjonsforpliktsen ved opphør (engangspremie) per dato. Medlemmer som trer ut av selskapet må innbetale sin andel av foretakets engangspremie.

## **§ 10 Fordeling av nettoformuen ved oppløsning av foretaket**

Foretakets medlemmer har rett til å få utbetaalt sine andelsinnskudd dersom det er midler i foretaket etter at det har dekket sine forpliktelser. Medlemmene har ikke krav på å få utbetaalt renter på andelsinnskudd.

Gjenværende midler utover dette skal tilfalle dem som er medlemmer på oppløsningstidspunktet. Fordelingen av midlene skal skje på grunnlag av deres omsetning med foretaket de siste tre årene.



---

# Vedlegg

**Forhandlingsutvalget for sammenslåing av  
Møre og Romsdal revisjon IKS og  
Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal IKS**

## Tillitsvalgte sine kommentarer til sammenslåingen

De ansatte ved Møre og Romsdal Revisjon IKS og Kommunerevisjonsdistrikt nr.3 i Møre og Romsdal IKS stiller oss positive til prosessen med sammenslåing av våre to revisjonsselskaper.

Vi er fornøyd med at det er to tillitsvalgte med i forhandlingsutvalget, og forventer at de ansattes medvirkning, drøftinger og informasjon følger arbeidsmiljøloven og tariffer.

Som tillitsvalgte så er vi glade for at en starter prosessen med å samordne ulike reglement, arbeidstid, hovedkontor og kontorpllasseringer såpass tidlig. Det er også positivt at ansattes lønns-, arbeids- og pensjonsvilkår videreføres.

Når det gjelder styresammensetning, så ser vi det som naturlig at ved et styre på 5 personer at ansatte velger et styremedlem blant de ansatte, med personlig vara.

Vi ser frem mot oppstart av det nye selskapet.

Molde/Ålesund 01.11.2018  
Vennlig hilsen

Ronny Rishaug  
Ansattrepresentant MRR IKS

Ann-Kristin Melseth  
Ansattrepresentant Komrev 3 IKS

---

## Kjelder

Jan Roar Beckstrøm – avdelingsdirektør Riksrevisjon – *Maskinlæring, automatisering og algoritmer – det er nå det skjer* – artikkel i Kommunerevisoren nr. 6, 2017

Kommunerevisjon i Møre og Romsdal – *Utredning av sammenslåing av 4 av de 5 revisjonsenhetene i Møre og Romsdal* – 30.04.2014

NOU 2016:4 *Ny kommunelov* – 10.03.2016

NKRF – Høyringssvar NOU 2016:4 *Ny kommunelov – til Kommunal og moderniseringsdepartementet* - 07.10.2016

NKRF – *Kommunereform – sjekkliste for revisor, kontrollutvalg og sekretariat*

Rapport Nordland Revisjon – *Grunnlag for etablering* – 08.05.2013

Revisjon Midt Norge SA – *Utredning av sammenslåing av selskapene Revisjon Midt-Norge IKS og Komrev Trøndelag IKS* – 31.01.2017

KS – *Selskaper og kommunereform – konsekvenser for selskaper med kommunalt eierskap, samvirkeforetak og stiftelser* -03.05.2016

Lov om interkommunale selskaper – (LOV-1990-01-29-6)

Lov om fastsettjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova) – (LOV-2001-06-15-70)

